

04.08.2010

Stord 1 vann quizen denne veka



Stord 1 som sigra: Øystein og Anita Enæs, Kristian Bringedal og Marit Hjønnevåg

Kor mange er heilårsbuande på Skorpo og kor lenge var Jens Arnesen ordførar?

Dette var to av spørsmåla som vart stilt i kveldens og vekas quiz på Vertshuset.

**Spørsmåls-makarane Torfinn Myklebust og Morten Nilsen utfordra denne gongen med ein heil bokl
lokale spørsmål.**

**Ein annan bokl handla berre om Barcelona og det vart i ein tredje bokl spela 10 musikk-nøtter, for å
nemna andre døme på den store variasjon og kreativitet som opplegget hadde denne kvelden.**

Det store førehandsarbeidet hadde fortent større oppslutnad.

Det stilte berre 5 lag og det er tydeleg at det er færre feriegjester og dermed også færre potensielle quizdeltakarar i bygda.

Men eitt av dei laga som ein snart må kalla ein gammal travar stilte opp. Det var Stord 1 og ikkje overraskande gjekk det til topps etter å ha leia frå start til mål. Denne gongen var Kristian Bringedal, Marit Hjønnevåg, Øystein Enæs og Anita Enæs på laget.

Andrepllassen kapra eit lag som kalla seg Knoll & Tott sjølv om dei var 3: Even Stensletten, Kjetil Yri og Ragnvald Huglen. Det skjedde etter omkamp med laget Vi Tre, som til gjengjeld hadde 2 deltakarar.

Det var verkeleg smell i utslagsspørsmålet - det handla om revolverkanona!

Dette var resultatet før utslagsspørsmålet:

1. Stord 1 45

2. Knoll og Tott 37

2. Vi Tre 37

4. Team Sundnes 34

5. Bjørnar 1 14

Av Ola Matti Mathisen



Andre plassen gjekk til Even Stensletten, Kjetil Yri og Ragnvald Huglen.